



Arne Økland
Dyrhovden 30
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1142 - 18/17078

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
29.05.2018

Løyve til oppføring av garasje - gbnr 233/156 Eide indre

Administrativt vedtak. Saknr: 265/18

Tiltakshavar: Arne Økland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 38,6 m² og bygd areal (BYA) 42,1 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 24,65 % BRA.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.04.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.04.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Dyrhovden bustadfelt/plan ID 1263 - 230919999 er definert til bustadføre mål.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BRA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.10.2013.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,79 meter. Eigar av gnr. 233, bnr. 155 har bekrefta å ha mottatt nabovarsel og samtykkar til at tiltaket kan plasserast 0,79 meter frå nabogrensa.



Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.
Avstand til vegmidte offentlig veg er opplyst å vere 8 meter.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:

Plassering

Utgangspunktet etter pbl § 29-4 er at bygning skal plasserast 4 meter frå nabogrensa.

Garasjen er søkt plassert 0,79 meter mot nabogrensa til gbnr 233/155. Det ligg ikkje føre skriftleg samtykke frå naboen.

Det følgjer av pbl § 29-4 3.ledd bokstav b at *«Kommunen kan godkjenne at byggverk plasseres nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd eller i nabogrense:*

- a) når eier (fester)⁵ av naboeiendommen har gitt skriftlig samtykke eller*
- b) ved oppføring av frittliggende garasje, uthus og lignende mindre tiltak»*

Omsøkte garasje er eit mindre tiltak som kommunen kan godkjenen etter bokstav b.

Omsyna bak avstandskravet er innsyn, utsikt, branntryggleik med meir. I denne saka kan ikkje kommunen sjå at ei plassering av tiltaket nærmare nabogrensa vil gje redusert branntryggleik, eller hindre utsikt eller solforhold på gbnr 233/155. Kommunen finn difor med heimel i pbl§29-4, 3.ledd b godkjenne at garasjen vert plassert 0,79 meter frå nabogrensa til gbnr 233/155.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad motteken 03.04.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/1142»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Arne Økland

Dyrhovden 30

5993

OSTEREIDET